

# *BOKN BYGDABLAD*

---

NR 2 - MARS 1994 - ÅRG. 9

---

UTGJEVAR: *BOKN KOMMUNE*

## **BYGDEBOK FERDIG I 1997**

Bokn kommunestyre godkjende den 8. februar ein kontrakt mellom kommunen og bygdebokforfattar Birger Lindanger som inneber at utarbeiding av gards- og slektssøge for Bokn skal vera ferdigstilt i 1997. Innhaldet skal svara til to band som kvart skal vera på rundt 400 sider.

Det er nå ikkje så mange kommunar att i Rogaland som ikkje har fått utarbeidd ei eller anna form for bygdebok. For Bokn sin del vil det vera ein milepel i kommunen si kulturhistorie når verket ligg føre.

Arbeidet for å få til bygdesoga for Bokn starta for ein god del år sidan ved at det vart sett av midlar på eit bygdebokfond. Seinare vart det tatt opp som sak i kulturstyret, og sommaren 1986 vedtok kommunestyret å oppnemna ei bygdeboknemnd. Denne nemnda har arbeidd jamt og trutt sidan, og det er nok ikkje nemnda si skuld at bygdebok ikkje er realisert tidlegare,

men heller mangel på pengar og mange oppdrag for forfattaren som har ført til at arbeidet har vore utsett. Men nå kjem verket. Arbeidet vil starta i første del av 1995 og gå uavbrote fram mot sommaren 1997. Kommunen må løyva til saman kr. 300.000,- i perioden 1995/1996 for å få fullfinansiert prosjektet. tidlegare er det avsett vel kr. 500.000,- til prosjektet. Vidare vil det bli nødvendig å løyva midlar til trykking, men dette vil koma inn att ved sal av boka.

Det har i mange år vore stor etterspørsel etter bygdebøker for Bokn. Nå skal det endeleg realiserast.

Det er vanleg og mest føremålstenleg å starta med gards- og slektssøge når ein skal laga lokalhistoriske verk. Kor vidt kommunen seinare skal få utarbeidd ei generell kulturhistorie frå dei eldste tider og fram til nyare tid vil ein seinare måtta ta standpunkt til.

## **KOMMUNESTYRET GIR ÅPNING FOR CAMPINGPLASS PÅ AUSTRE BOKN**

Det har dei siste åra vore eit ynskje frå grunneigarane å driva campinglass på austsida av Boknasundet. Området er regulert til bustadfelt, og det har difor berre vore gitt midlertidig dispensasjon til å driva campinglass.

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 8. mars at det i det omtalte området for bustader også skal

avsetjast areal til rorbuer (for fritidsbruk), naust, camping, friområde og offentleg veg. Dersom eit forslag til reguleringsplan for dette blir godkjend, betyr det at kommune og grunneigar kan koma fram til ei ordning som er tilfredsstillande for begge partar. Området er såpass stort og veleigna til desse formåla at det kan bli eit godt resultat til slutt.

## **KOMMUNALT VATN TIL ARE KOSTAR 3,7 MILL.**

**Odd Grønnestad fekk anbud på leggjing av vassleidning**

Bokn formannskap har vedtatt at Odd Grønnestad får anbuddet på leggjing av vassleidning for framføring av kommunal vassforsyning til Are. Det var 8 som hadde gitt inn anbud, og av desse hadde Odd Grønnestad det lågaste på kr. 970.000 for graving/skyting av grøft og leggjing av røyr fram til Are. Kostnadene til røyr er ikkje med i dette beløpet.

Framføringa av vatn til Are vil medføra at husstandar som ligg i området ved traseen vil kunna kopla seg på det kommunale leidningsnettet etter ein eigen økonomisk avtale med kommunen. Dei skal betala kr. 30.000,- som inngangsbillett, men vil få refundert dette beløpet minus tilknytingsavgifta i ein 15 års periode.

Totale kostnader for prosjektet er 3,7 mill. kroner. Bokn kommune skyt inn 1,6 millionar, Vegvesenet 800.000 og resten er statstilskot. Arbeidet skal vera slutført til 1. mai 1994.

# **MINDRE TIL INVESTERINGAR I 1994**

***Fylkesmannen ville ikkje godkjenna Bokn kommune sitt store investeringsbudsjett på 7.560.000 kroner***

Bokn kommune fekk for kort tid sidan investeringsbudsjettet for 1994 i retur frå Fylkesmannen med beskjed om at det måtte reduserast til omlag 5 mill kroner.

Formannskapet la fram eit nytt forslag til driftsbudsjett til kommunestyret som den 8. februar vart vedtatt. Her ligg det innebygd direkte reduksjonar i tidlegare investeringar som m.a. omfattar ny veg til Boknatun, flytting av høgspentleidning, reduksjon av brannvarslingsanlegg, reduksjon av investeringar ved sjukestova og ein del andre ting. Når det gjeld Bokn sjukestove, er det ein reduksjon på kr. 600.000,- som kan medføra at visse ting som t.d. den nye fysioterapiavdelinga som er planlagd i utvidinga kan måtta venta lengre på å bli ferdigstilt. Ein har ikkje ennå fått anbod på utbygginga, så det er litt for tidleg å seia korleis dette endar opp økonomisk. Dei viktigaste utvidingane som vil medføra fleire pasientrom vil likevel kunna

gjennomførast.

Når det gjeld skuleutbygginga manglar det også midlar i høve til det som opprinnelig var innlagd som investeringar, i og med at eit lån på kr. 800.000,- i 1993 ikkje vart opptatt. Ein vil nå prøva å kompensera for dette ved å søkja om statlege midlar til vedlikehaldsarbeid.

Då saka var til behandling i kommunestyret kom det forslag om at utbygginga av sjukestova måtte stå som opprinnelig med 3.6 mill. kroner. Dette forslaget fall med 11 mot 6 røyster. Det vart også foreslått at antal trygdebustader vart redusert frå 6 til 3, men også dette fall mot same røystetal. Det var Høgre og Krf.sine representantar som ynskte å prioritera utbygginga av sjukestova og redusera antal trygdebustader frå 6 til 3. Høgre foreslo også at investeringa til Bokn skulle reduserast til 0, og grunnga dette med at det ikkje hasta slik som dei andre prosjekta. Dette forslaget fekk berre 5 røyster.

# VILTKARTLEGGING

Bokn kommune har fått støtte til viltkartlegging i kommunen av Statoil Kårstø. Kommunen har også søkt støtte hos Direktoratet for Naturforvaltning til ei slik kartlegging.

Kartlegginga skal omfatte arter som hjort, rådyr, eter, rev, ekorn, orrfugl, ulike rovfuglarter, andefuglar og ulike sjøfuglarter, vaderar, spettefuglar og spurvefuglar samt sjøpattedyr m.m. Arter som er særleg sårbare skal vektleggast i kartlegginga.

Meininga med ei slik kartlegging er å få betre kjennskap til dei viltartene kommunen har. Kartlegginga skal bl.a. nyttast i arealplanlegginga i kommunen slik at viktige viltinteresser vert ivaretatt.

Eit rikt artsmangfald er av verdi for folket som bur i kommunen. Det gir fine naturopplevelingar, er viktige i undervisningssamanheng, gir jaktgrunnlag for arter med jaktinteresse og er bærarar av verdifullt genmateriale.

Mykje av arbeidet vil byggje på samtalar/interjuver med grunneigarar og andre med særleg interesse og kjennskap til viltet i kommunen. Ein del arbeid og registreringar i felt vil bli foretatt utover våren/ forsommaren.

Har du synspunkt eller opplysningar så ta gjerne kontakt med viltnemda, miljøvernleiaren eller Tore Taraldlien i kommunen.

miljøvernleiaren.


## KURSKVELD I HEIMEKOMPOSTERING

Kjetil Fuglestad frå Fylkeslandbrukskontoret i Rogaland kjem til Boknatun, Allrommet tirsdag 22. mars kl. 19.00.

Han vil snakke generelt om heimekompostering, vise lysbilder og ha med seg demonstrasjonsbinge.

Alle interesserte hjarteleg velkommne !

Veit du at mengdene du puttar i søppelsekken din blir redusert med opptil det halve dersom du komposterar ?! I tillegg får du eit flott jordforbetringsmiddel til hagen din !



Det er framleis nokre varmisolerete kassar som kommunen har kjøpt inn igjen. Kassen kostar kr. 1665,-. Du får kr. 600,- i tilskot frå kommunen og betalar kr. 1065,-.

miljøvernleiaren

## BOKN BYGG A/S HAR NOK ARBEID

Det har den seinare tida vore gode tider for Bokn Bygg A/S når det gjeld tilgang på oppdrag. Firmaet har kjøpt ein del tomter ved Hålandssjøen kor fleire er selde. Her vil firmaet få arbeidsoppdrag framover. Elles har dei fleire oppdrag på større og mindre vedlikehald, tilbygg o.l. som gjer at dei har meir oppdrag nå enn på lenge. Dette har ført til at dei førebels har måtta tilsetja eit par nye arbeidstakarar.

### ÅRSMØTE I BOKN HØYRE

Onsdag 9/2 -94 vart det avholdt årsmøte i Bokn Høyre.  
Dei vanlege årsmøtesakene blei handsama, og følgjande styre  
vart valgt.:

Leder: Svein Ove Alvestad  
Neistleder: Olav Lande Rossebø  
Øvrige styremedlemmer.:  
    Ingvar Alvestad  
    Tore Øvrebo  
    Ingebjørg Larsen

Gunnar Ulland var gjest frå Rogaland Høyre.  
I debatten under årsmøtet blei budsjettet drøfta. Budsjettet  
som vart vedteke i 1993, mot Bokn Høyres stemmar kom i retur  
frå fylkesmannen, og Bokn Høyres skeptiske haldning til det  
nye budsjettet vart drøfta.

Bokn Høyre var skuffa over prioriteringane til SP og AP, som  
ikkje gjekk inn for full utbyggjing av Bokn Sjukkestove.  
Årsmøtet kom fram til at Høyre hadde inntekke ei fornuftig  
haldning m.h.t. vidare gjeldsopptak frå kommunens side. Får  
kommunen for høg gjeld, vil det være vanskelegare å forsvare  
Bokn si stilling som sjølvstendig kommune i ein evt.  
kommunesamanslängsituasjon. Årsmøtet var samd i  
kommunestyregruppa si handsaming av budsjettet.

Me vil og få minna om at me alltid har gruppemøter mandag før  
kvart kommunestyremøte i kommunestyresalen kl. 19.00.  
Medlemmar er velkommen.

Svein Ove Alvestad  
Leder Bokn Høyre

## **MINNEORD**

Selma Larsen er død, 81 år gammal. Foreldra hennar var Lars og Hanna Bokneberg. Selma hadde 6 sysken, kor ho var yngst. Ennå lever 3 av dei i Bokn. I ungdomen hadde Selma m.a. arbeid på ein butikk i Kopervik. Ho vart gift med Jakob Larsen i Foresvik, og dei dreiv skipsekspedisjon, postkontor og telefon/tegrafstasjon. Dei hadde 4 barn som alle er gifte. Selma hadde ved sida av omsorgsarbeidet for familien også ein god del arbeid både ved postkontoret og telefonstasjonen som var i same huset som heimen. Den tida var det vel helst vaktansvar heile døgnet, og lite fritid. Selma gjorde eit godt arbeid. Ho var ekspedit og svært imøtekommende ovafor folk. Ho var også utanom arbeidet sitt eit gildt menneske som kjende alle folk i bygda, og var lett å koma i kontakt med. Selma Larsen var enke i mange år. Etter henne lever barn, svigerbarn, barnebarn og oldebarn.

Hilmar Svendsen er død, 80 år gammal. Foreldra hans var Hans Andreas og Helena Svendsen. Hilmar vart gift med Lovise f. Pedersen som var frå Sandve på Karmøy. Dei fekk 3 barn som alle har eigne familiær.

Hilmar vaks opp i Straumén, og opp gjennom oppveksten hadde han litt forskjellig arbeid. Han har sjølv skrive mange gode historier om opplevingar han hadde både på arbeidsplassar og elles frå yngre år.

Seinare tok Hilmar skipperskule og seilte utanriks i mange år som overstyrmann. Dei seinare åra i arbeidslivet var det helst på nattruta og på fjordabåtar her i fylket.

Hilmar var ein stillfarande person. Han var likevel svært omgjengeleg. Han hadde ein lun natur, og var ein dyktig forteljar frå tida då han var ung. Han ga uttrykk for at han treivst best når han kunne vera heime i Straumen.

Ektefelle, barn, svigerbarn og barnebarn lever etter Hilmar.

Berge Magnus Lygre er død, 81 år gammal. Foreldra hans var Severin og Britanna Lygre. Mora døydde kort tid etter at Berge var fødd.

I ung alder reiste Berge til Nordtveit i Fusa kor han gjekk i lære på eit skipsbyggjeri. I 1937 reiste han så til sjøs som skipstømmermann. Han seilte i mange år, og var ute også under heile 2. verdskrigen. For den innsatsen han utførde som sjømann under krigen fekk han 3 ulike medaljer.

Som mange andre som seilte til sjøs under krigen, hadde også Berge mange sterke hendingar i denne perioden som seinare sette sine merke, sjølv om det ikkje alltid viste utanpå.

## **MINNEORD, framh.**

Etter 1972 har Berge budd meir fast i Alvestadkroken kor han trivdes godt med at det var liv og røre rundt handelsplass og maritimt miljø. Han lika seg godt på sjøen i eigen båt eller saman med andre. Han var ein stillfarande og gild mann . Han etterlet seg 5 sysken.

Hjalmar Audun Grønnestad er død, 40 år gamal. Foreldra hans er Anna og Harald Grønnestad.

Hjalmar Grønnestad var gift med Gunn, f. Arntsen. Dei hadde 3 barn.

Hjalmar budde i Trondheim frå slutten av 1970-åra. Han vart gift med Gunn i 1982, og dei flytta til Bokn i 1983.

Hjalmar var i ung alder litt på fiske og arbeidde ei tid i Stavanger-området. Seinare vart arbeidsplassen i maskinen på båt, og dei seinare åra på supplybåt i Nordsjøen.

Hjalmar var svært praktisk anlagt, og flink med hendene. På fritida var største interessa friluftsliv og jakt. Han var ein snill og stillfarande mann som ikkje stakk seg fram. Han hadde eit nært og godt forhold til barna sine.

Ektefelle og tre barn lever att i tillegg til foreldre og sysken.



# BOKN FOLKEBIBLIOTEK

## OPNINGSTIDER:

TIRSDAG : kl. 10.00 - 13.30

ONSDAG : kl. 16.00 - 19.00

TORSDAG : kl. 10.00 - 13.30

## LESETIPS



### BARN OG UNGDOM


Austrem, Liv Marie:  
Frøken Kittelsens  
hemmighet



Cappelen, Bodil:  
Pingvinen Po



Gaarder, Jostein:  
I et speil, i en gåte



Lund Reidar:  
Er du redd, Jørgen?

### VAKSNE

Ørjasæter, Tordis:  
Menneskenes hjerter

Ringen, Tone:  
Isbrann

Ludlum, Robert:  
Skorpionens tegn

Bergan/Dysthe:  
Hjemme i Norge

## KJÆRE BOKVENNER



SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BØKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

# Rettigheter ved små barns sykdom



Hvis du er arbeidstaker og har vanlig omsorg for barn under 12 år, har du rett til omsorgspermisjon med sykepenger for å ta hånd om barna når de er syke. Dette gjelder både mor og far. Du har også rett til omsorgspermisjon uten lønn dersom den som til vanlig passer barnet er syk. Disse to permisjonstypene regnes sammen, og hver av foreldrene har rett til inntil ti dager av slik omsorgspermisjon per kalenderår. Hvis familien har tre eller flere barn under 12 år gis inntil 15 årlige permisjonsdager hvis barna og/eller barnepasser er syke. Vær oppmerksom på at noen arbeidsgivere gjennom lokale forhandlinger har gitt enda bedre betingelser enn dette.

Om du for eksempel tar permisjon uten lønn i fire dager fordi barnepasser er syk, kan du ta opp til seks dagers omsorgspermisjon med lønn når barnet er sykt. Det blir ti dager til sammen. Dersom den ene av foreldrene arbeider hjemme, men er forhindret fra å ha omsorg for det syke barnet på grunn av egen sykdom, kan den som arbeider utle og er lønnsmottaker ha rett til omsorgspermisjon med lønn.

## Utvidede rettigheter hvis du er alene om omsorgen for barnet

Hvis du er arbeidstaker og er alene om omsorgen for barn under 12 år, har du rett til omsorgspermisjon 20 dager i året dersom barnet ditt blir sykt. Hvis du har tre eller flere barn under 12 år, kan den som har omsorgen alene være hjemme inntil 30 dager i året hvis barna er syke. Hvis barnet er sykt, har du rett til

sykepenger (lønn); hvis barnepasser er syk, har du ikke rett på lønn.

I denne gruppen hører etterlatte, skilte, separerte og enslige foreldre hjemme. Hvis foreldreomsorgen er delt, slik at barnet bor vekselvis hos hver av foreldrene, regnes ingen av dem som enslige forsørgere. Hvis foreldrene ikke bor sammen, men har delt foreldreansvar, vil de hver for seg ha rett til ti dagers (15 dager ved flere enn to barn under 12 år) permisjon ved barns og barnepassers sykdom når de har barnet boende hos seg omlag like lenge hvert år. Imidlertid har de bare rett til sykepenger (lønn) ved barns sykdom.

## Du kan ha behov for sykemelding hvis du er hjemme med sykt barn

Hvis du er hjemme med sykt barn mer enn tre kalenderdager sammenhengende, må du ha sykemelding. Legen må da skrive ut sykemelding på den som er syk; nemlig barnet. I merknadsfeltet på sykemeldingen skal legen så skrive navnet og fødselsdatoen på den som er hjemme med det syke barnet.

## Deltidsarbeid

Rett til omsorgspermisjon har du enten du er tilsatt på heltid eller deltid, og samme hvordan arbeidstiden er fordelt på ukedagene.

Det finnes egne regler hvis:

- Barnet er kronisk sykt
- funksjonshemmet
- barnet blir livstruende sykt eller skadet



**BOKN KOMMUNE**  
MUSIKKSKULEN  
4290 BOKN  
Tlf. 52 74 85 00  
Fax 52 74 86 90

PÅMELDINGSFRIST : 21. MARS

## **KEYBOARD**

### **PÅMELDING TIL HAUSTSEMESTERET 1994**

Det er den store interessa for dette instrumentet samt timeplanlegginga for neste skuleår som er grunnen til denne tidlege påmeldinga.

Dei som for øyeblikket spelar keyboard samt dei som står på venteliste treng ikkje meldda seg på her.

### **Litt om instrumentet og undervisninga**

Keyboard - ein synthesizer med både innebygde rytmar og høgtalarar - er blitt veldig populært å spela på, og fleire og fleire skaffar seg 80- og 90-åras heime-instrument.

Viss du har - og ynskjer det, får du undervisning på ditt eige instrument. Musikkskulen har også eit av dei beste keyboarda på markedet i dag som sjølvsagt blir brukt i undervisninga, og som du av og til kan låna med deg heim.

Du lærer m.a. å akkompagnera ( kompa ) deg sjølv og andre ved hjelp av AKKORDAR. Med bruk av RYTMAR og FORSKJELLIGE LYDAR får du - også som nybegynnar - kjensla av å styra eit heilt orkester.

---

---


Eg gjer merksam på at alle som melder seg på innan fristen har like muligheter for elevplass.

Du treng heller ikkje kunna noter.

Ev. spørsmål kan rettast til musikkskulen.

**Dei som er interesserte skriv, ringjer eller kjem innom musikkskulen.**

I neste nummer av "Bokn Bygdablad" kjem påmeldinga til dei andre aktivitetane musikkskulen kan tilby for skuleåret 1994/95.

  
Jardar Havikbotn

- rektor -



**BOKN KOMMUNE**  
KULTURKONTORET  
4290 BOKN  
Tlf. 52 74 85 00

## **KULTURVELDAR**

Interesseundersøkelsen som har pågått sidan forrige nummer av "Bokn Bygdablad" syner ei stor interesse for TRADISJONSMAT. Det er også bra interesse for KONDITORKVELDAR. Andre aktivitetar som blei nemnde sist er det heller laber interesse for.

Det er nesten berre damer som har meldt si interesse. Så, kom igjen mannsfolk! Mykje av meininga var at me skulle få til eit vaksent miljø av begge kjønn rundt forskjellige aktivitetar.

Det har kome inn mange telefonar til kulturkontoret, og aktivitetar som keramikk, akvarell og redskapsreparering har vore nemnt. Ein del boknarar er tydeleg opptatt av dette, og det skal lite til for å setja fleire aktivitetar i gong.

Derfor vil interesseundersøkelsen fortsetja. Du melder deg på til kulturkontoret. Og har du idéar omkring dette med kulturkveldar, ikkje nøl med å ta kontakt!

Det som altså blir sett i gong denne månaden er TRADISJONSMATLAGING, og dei påmelde er kontakta.

## **KONSERT**

### **MED FYLKESMUSIKARANE OG PER ARNE GLORVIGEN.**

Konserten heiter "GRINGO" og blir på allrommet, Boknatun tysdag 15. mars kl. 19.00


Programmet er ei slags etterdønning av Grieg-jubileet i fjor, og handlar stort sett om musikken til den nasjonal-romantiske komponisten vår.

Men du har aldri hørt Edvard Grieg sin musikk slik som det vil bli framført her. Per Arne Glorvigen er nemleg ein av våre beste utøvarar på akkordeon og bandoneon. Det er trekkspel me snakk om og det sistnemnde er eit argentisk trekkspel. Så her vil det bli rytmiske tolkningar av Grieg sin musikk, m.a.tango-versjon. Glorvigen er medlem av gruppa "Tango for Tre" som er Spellemansprisnominert i år. Det er heller ikkje lenge sidan han hadde skulekonsert i Bokn.

Du er hjarteleg velkommen til ein times konsert! Gratis entrè.

## **UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING**

Fylkesmønstringa i Tysværtunet er 19. og 20. mars. Det vil bli fleire forestillingar, utstillingar, kurs og sosialt samvær i løpet av helga, og dei tre innsлага frå Bokn skal framførast sundag 20. mars kl. 10.00. Møt opp og støtt ungdommen!

  
Jardar Havikbotn

- kulturleiar -

11

## NYTT FRÅ IDRETTSLAGET

Ved årsmøtet til idrettslaget i slutten av januar, kom det fram at mange har ynskje og meiningar om nye aktivitetar. styret har den haldninga til dette at ein først og fremst må sikra dei aktivitetane som er i gang. Det er ikkje så enkelt å finna leiatar til nye aktivitetar, og ein vil vurdera å starta aktivitetsleiarkurs for å gjera fleire i stand til å ta på seg nye oppgåver.

Det vart også diskutert at ein ev. kunne få til eit samarbeid med kajakk-klubben i Tysvær. Idrettslaget er innstilt på å hjelpe til med dette dersom det melder seg interesserte.

På årsmøtet vart det delt ut statuett til A-lagert sin **Beste Spelar** som var **Arild Sæbø**.

**Harry Bokneberg** fekk pokal for **Best Innsatsvilje** (mest trufaste spelar og best oppmøte).

I årsmeldinga for 1993 går det fram at styret har hatt 12 møte og eitt allmannamøte. Idrettslaget hadde 187 medlemmer i 1993.

Aktivitetar i 1993 har vore volleyball, dametrim, idrettsskule, friidrett, turmarsjar/firebruersløpet, Idrettens og Friluftens Dag og fotball ei vaksengruppe og to grupper for barn. Elles har idrettslaget arrangert to dansearrangement.

Det har vore noko blanda oppslutning om dei ulike aktivitetane. Det er relativt stor interesse for volleyball både når det gjeld vaksne og barn/ungdom-gruppa. Også fotball for barn har hatt svært god oppslutning.

Firebruersløpet/bruamarsjen hadde i år 334 deltagarar. Vegvesenet har nå trekt seg ut av dette samarbeidsprosjektet, og Bokn idrettslag er nå aleine om dette.



69% av barn i Norge er medlem av ein idrettsforening. Fotball er den mest populære idrettsgreina.

## **FAGFOLKA VIL HA "OGNØYA" I STADEN FOR "OGNØY"**

For ei tid sidan anka Bokn kommune vedtaket frå Statens Kartverk om at stadnamnet "Ognøy" skulle ha skrivemåten "Ognøya". Det er nå kome svar frå Statens Kartverk om at dei har hatt anken til uttaleved Namnekonsulenttenesta som held fast på skrivemåten "Ognøya" i bunden form. Saka vert nå sent til Klagenemnda ved Universitetet i Oslo.

Statens Kartverk skriv at dei for framtida vil tilrå øynamn i Rogaland i bunden form, unntatt der dei ikkje finn namnet brukt i slik form, pluss der øynamn er brukt som kommunenamn, og der tradisjonen etter kvart har ført til samanfall mellom sjølve øynamnet og kommunenamnet. Som døme på dette vert nemnt Kvitsøy, Rennesøy og Karmøy.

Det er vel mange som seier både "Karmøynå", "Kvitsøynå" og "Rennesøynå" sjølv om dei vert skrivne i ubunden form. Namnekonsulenttenesta og Kartverket synes å vera på tynn is og ikkje så lite inkonsekvente slik dei nå legg opp til ved skrivemåten for øynamn i fylket. Dei burde vel lytta litt meir til kva dei kommunale organa meiner?

## **BONDENE PÅ KAFE**

Onsdag den 2. februar sette 25 bønder kvarandre stemne på Arskroen. Føremålet var ikkje anna enn sosialt samver med drøs og ein kopp kaffi. Det var Bondelaget som hadde tatt initiativ til "Bondekafeen", og det var snakk om å gjenta det seinare. Nokre snakka også om at det kunne gå an å invitera yrkeskollegaer t.d. frå Rennesøy enten på Arskroen eller Mortavika for felles treff. Dei som var der sa i alle fall at det var koseleg, og ga meirsmak.

## **BOKN MÅLLAG ER I GANG**

I ca. eitt år har mållaget i Bokn hatt eit interrimsstyre som nå er kome i ordna forhold. På eit møte den 11. februar vart desse valde inn i styret:  
Venevil Birkelund, leiar - Marit Markhus, nestleiar - Eivind Øvrebø, kasserar - Reidar Alvestad, skrivar og Kyrre Lindanger, studieleiar.  
Mållaget i Bokn har i første omgang tankar om å prøva å få til eit prosjekt om boknadialekten. Mållaget meiner dialekten er ein viktig del av den lokale kulturarven som det er verd å verna om.

I april skal Karmsund Mållag ha årsmøte i Bokn.

# DANS

Laurdag 05.03

Bokn Diskotek ynskjer alle boknarar hjarteleg velkomne til dans. Denne gongen spelar Synth å le som har med seg den velkjente **Busserullen Karl Magnus Sjøen**.

Klokka 9 vil dei halda eit forrykande show, før dei held fram med dans kl.22.30 til klokka 02.00.

Me vil også invitera til samankomst i Håkonshallen fra klokka 7, der Birger Lindanger vil ta i mot dykk. Det blir musikk for dei godt vaksne, og før me disponerer skyss til skulen, har **Karl M. Sjøen** vært oppom.

Påmelding til Håkonshallen, kan skje hos Birger(52748581) eller Bjørn(52723296). Det går også an å skriva seg opp på lista vår som ligg på Bokn H-lag.

Me har lært av dei feila me gjorde sist me arrangererte dans, og vonar at dette blir årets dans på Bokn.

**PS.....:** Me kjem til å selga lodd der premien er tur til England for to. Trekninga vil skje på dansen !!!

<u>Prisar:</u>	Håkonshall/show/dans	150 kr
	Show/dans	130 kr
	Dans	90 kr

VEL MØTT  
HELSING OSS I BOKN DISKOTEK

## **HÅRFIXEN STUDIO**

### **Til alle kundene våre**

Vi blir dessverre nødt til å stenge salongen for en viss periode p.g.a. svangerskap for oss begge. Det lot seg ikke gjøre å få ekstrahjelp.

Vi regner med at salongen blir stengt fra april til ca. juli mnd.

Vi vil gi nærmere beskjed om ny oppstartingsdato.

Vi takker alle kundene våre for all støtte og ønsker dere velkommen igjen seinere i sommer.

***Hilsen Anita og Mona***

## **LEDIG STILLING**

Deltidsstilling inntil 1/2 stilling er ledig ved Bokn Handelslag.

Utførleg utlysing vil seinare koma i Hgsd. Avis og ved oppslag i butikken.

## **REISELIVSLAG I BOKN**

Det er starta eit reiselivslag i Bokn. Eit interrimsstyre er vald, kor Sigmund Alvestad er formann. Elles er Elisabeth Øvrebø og Steinar Alvestad med i styret.

Andre interesserte som vil vera med kan kontakta ein av styremedlemene.

## **BOKN BYGDABLAÐ**

### **UTGJEVAR:**

Bokn kommune,  
4290 Bokn, tlf. 52 74 85 00  
Postgirokonto 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto 3373.07.00305

### **BYGDABLAÐNEMND:**

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### **REDAKTØR:**

Reidar Alvestad

### **ABONNEMENT:**

Gratis til alle husstandar i Bokn  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR:**

Heilside: kr. 300,-  
Halv side: kr. 150,-  
1/4 side: kr. 75,-  
1/8 side: kr. 50,-  
Små privatannonser: kr. 10,-

### **FRIST FOR STOFF:**

Den 20. i kvar mnd. 10. nr. årleg

## **ARRANGEMENT:**

- 05.03:** Show/dans på Bokn skule kl.  
21.00. "Synth å le" m/ Karl  
Magnus Sjøen.  
Arr: Bokn Diskotek.
- 12.03:** Kl. 12.00 på Bokn skule:  
Bokn Idrettslag arrangerer  
salg av bruk idretts- og  
treningsutstyr m.m.  
Kafe - loddsalg
- 15.03:** Kl. 19. Konsert "Gringo" på  
Allrommet med  
Fylkesmusikarane og Per  
Arne Glorvigen. Sjå omtale  
anna stad i bladet.
- 22.03:** Kl. 19. Kurskveld i  
heimekompostering  
på Allrommet, Boknatun



06.03 kl.19.00 Familiegudsteneste v/  
sokneprest Aurdal. Offer til  
Bibelselskapet. Utdeling av Godt  
Nytt til 4. klasse.

20.03 kl.11.00 Lekmannsgudsteneste  
Offer til Santalmisjonen.

31.03 kl.11.00 Gudsteneste v/  
sokneprest Aurdal. Nattverd.

03.04 kl.15.00 Gudsteneste v/  
sokneprest Aurdal. Offer M.F.

Takk for all oppmerksomhet ved 95-  
års dagen min.

Larsine Sæbø

Hjertelig takk for all deltagelse og  
blomsterhilsen ved vår mor  
Selma Larsens bortgang.

Familien.

**KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE**  
13. mars - 27. mars - kl. 14.00

**FOTPLEIE**  
Onsdag den 9. mars  
Påmelding til sosialkontoret i  
tlf. 52 74 85 00

**LENSMANN**  
*1. fredag i kvar mnd. kl. 10 - 12 i  
Boknatun.*